



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2022 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 979 700 121
Organisasjonsform: Aksjeselskap
Foretaksnavn: VIKING FJORD AS
Forretningsadresse: Sundsvegen 119
5450 SUNDE I SUNNHORDLAND

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2022 - 31.12.2022

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Helge M. Nesse
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 30.06.2023

Grunnlag for avgivelse

År 2022: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2021: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2022

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 01.08.2024



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Salgsinntekt	1	177 657 003	140 649 840
Andre driftsinntekter		123 237	193 880
Sum inntekter		177 780 239	140 843 720
Kostnader			
Varekostnad		73 658 211	51 726 716
Lønnskostnader m.m.	2	56 609 364	48 759 773
Avskrivning på driftsmidler og immaterielle egedelar	3	1 640 698	2 402 981
Nedskrivning av varige driftsmiddel og immaterielle egedelar	3		
Andre driftskostnader	1, 2, 4	25 726 035	22 176 349
Sum kostnader		157 634 308	125 065 818
Driftsresultat		20 145 931	15 777 902
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		664 839	249 462
Sum finansinntekter		664 839	249 462
Annan rentekostnad		5 423	3 273
Sum finanskostnader		5 423	3 273
Netto finans		659 415	246 189
Ordinært resultat før skattekostnad		20 805 347	16 024 091
Skattekostnad på resultat	5	4 578 354	3 526 805
Ordinært resultat etter skattekostnad		16 226 993	12 497 286
Skattekostnad på ekstraordinært resultat	5		
Årsresultat		16 226 993	12 497 286
Årsresultat etter minoritetsinteresser		16 226 993	12 497 286
Totalresultat		16 226 993	12 497 286



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
Overføringer og disponeringar			
Konsernbidrag		14 040 000	11 700 000
Avsett til annan eigenkapital		2 186 993	797 286
Sum overføringer og disponeringar		16 226 993	12 497 286



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Utsett skattefordel	5	722 510	828 875
Goodwill	3, 6		
Sum immaterielle egedelar		722 510	828 875
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar og anna fast eigedom	3, 6		
Produksjonsutstyr	3, 6	3 289 100	3 191 500
Båtar	3, 6		
Driftslausøyre, inventar o.l.	3, 6	1 989 900	2 139 400
Sum varige driftsmiddel		5 279 000	5 330 900
Sum anleggsmiddel		6 001 510	6 159 775
Omløpsmiddel			
Varer			
Sum varer	6, 7	1 264 793	801 581
Krav			
Kundefordringar	6, 8	18 644 134	19 177 228
Andre fordringar	6, 8	2 558 202	816 896
Konsernkrav	6, 8	29 448 355	25 644 824
Sum krav		50 650 691	45 638 948
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot, kontantar o.l.	2	901 152	942 548
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		901 152	942 548
Sum omløpsmiddel		52 816 636	47 383 077
SUM EIGEDELAR		58 818 146	53 542 852

BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital	9, 10	1 000 000	1 000 000
Overkurs	9		
Annan innskoten eigenkapital		11 088 000	11 088 000
Sum innskoten eigenkapital		12 088 000	12 088 000
Opptent eigenkapital			
Fond for vurderingsforskjellar	9		
Annan eigenkapital	9	4 621 788	2 434 795
Udekt tap	9		
Sum opptent eigenkapital		4 621 788	2 434 795
Sum eigenkapital	9	16 709 788	14 522 795
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Pensjonsplikter	2	190 000	190 000
Utsett skatt	5		
Sum avsetjingar for plikter		190 000	190 000
Anna langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	4, 6		
Øvrig langsiktig gjeld	4, 8		
Sum langsiktig gjeld		190 000	190 000
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	8	17 910 107	18 490 278
Betalbar skatt	5	511 989	272 701
Skuldige offentlege avgifter		1 310 069	1 264 844
Kortsiktig konserngjeld	6, 8		
Anna kortsiktig gjeld	8	22 186 192	18 802 233
Sum kortsiktig gjeld		41 918 358	38 830 057
Sum gjeld		42 108 358	39 020 057
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		58 818 146	53 542 852



Balanse


Beløp i: NOK	Note	2022	2021
---------------------	-------------	-------------	-------------



2022

Å
R
S
R
E
K
N
E
S
K
A
P

Viking Fjord AS



«Kristoffer Tronds» leverer fisk for slakting
på Viking Fjord

Foto: 28.03.2022 Ole Berntsen



Årsmelding 2022

Viking Fjord AS

Verksemda

Viking Fjord AS har slakting av laks som hovudaktivitet. Verksemda sin produksjon er lokalisert til Sunde i Kvinnherad kommune i Hordaland, medan hovudadministrasjonen for selskapet ligg på Onarheim i Sunnhordland.

Resultat for 2022

Viking Fjord AS fekk eit resultat før skatt på kr 20,8 millionar. Dette er ein god auke i høve til 2021 og skuldast mellom anna høgare slaktevolum og auke i tilleggstenester utført på slakteriet.

Vidare drift

Årsrekneskapen er utarbeidd under føresetnad om vidare drift.

Arbeidsmiljø

Personalforhold og arbeidsmiljø er eit prioritert område i selskapet, både i samband med planlegging av investeringar og i den daglege drifta. Det er lagt vekt på å investere i utstyr som lettar og tryggar arbeidet for dei tilsette.

Sjukefråvær:

Viking Fjord AS	2022	2021
Korttidssjukefråvær	2,2 %	1,7 %
Langtidssjukefråvær	1,0 %	1,6 %
Sum sjukefråvær	3,2 %	3,3 %

Det har ikkje vore arbeidsulykker med alvorlege personskadar ved selskapet sine arbeidsplassar dette året.

Ytre miljø

Styret er oppteke av at arbeidet i verksemda blir drive på ein økologisk forsvarleg måte. I bedrifta tek ein vare på avfall og ser til at utslipp blir reinsa. Biologisk avfall blir samla opp og ensilert. Prosessvatnet blir desinfisert for å eliminere ei mogeleg smittespreiing.

Likestilling og diskriminering

Selskapet har 29 tilsette, 6 av desse er kvinner. I tillegg leiger ein inn arbeidskraft. Det er ingen kvinner i selskapet sitt styre som har 3 medlemmer. Det er ingen forskjellsbehandling grunna kjønn, t.d. i saker som gjeld tilsetjing, lønn, avansement og rekruttering.

Selskapet har som mål at det ikkje skal førekomma diskriminering. Me har i dag eit mangfald i arbeidsstokken både med omsyn til alder, kjønn og etnisitet.



Årsmelding 2022

Viking Fjord AS

Openheitslova

Viking Fjord AS er omfatta av openheitslova, som tredde i kraft 1.juli 2022. Det blir arbeid med implementering som inkluderer kartlegging av verdikjeder og prosesser rundt handtering av tredjepartar. I tråd med krava vil det bli offentleggjort ei utgreiing av dei pålagte aktsemdsvurderingane innan 30.06.2023. Dette blir gjort gjennom publisering på vår heimeside www.alsaker.no.

Forsikring for styre og leiande tilsette

Det er teikna ordinær forsikring for styret sine medlemmer og leiande tilsette for det personlege erstatningsansvar som dei kan pådrag seg i samband med utføring av sine verv (styre- og leiaransvar). Forsikringa er teikna på marknadsmessige vilkår i eit internasjonalt forsikringsselskap med solid rating.

Forsking og utvikling

Selskapet har, som dei andre selskapa i Alsaker konsern, ein høg innovasjonstakt.

Finansiell risiko

Marknads- og valutarisiko

Selskapet har ingen direkte valutarisiko då all omsetnad, varekjøp og finansiering skjer i norske kroner. Likevel vil endring i valutaforhold ha stor konsekvens for eksportprisen på norsk laks, som er selskapet sitt hovudprodukt. Langt over 90% av den norske produksjonen av laks vert eksportert, og den viktigaste marknaden vil vere EU der hovudvalutaen er euro.

I tillegg er selskapet eksponert mot endringer i rentenivået då all gjeld p.t. har flytande rente.

Kredittrisiko

Historisk har selskapet ikkje hatt tap på fordringar. Selskapet sin strategi har heile tida vore å ha tett oppfølging på alle fordringar, samt å ikkje selje til kundar ein har lite kunnskap om. Likevel har Alsaker-konsernet, som Viking Fjord AS er ein del av, valt å teikne kredittforsikring. Kredittforsikringa gjeld alle kundar, utanom 3-4 store kundar som ein har inngåande kjennskap til.

Likviditetsrisiko

Selskapet sin likviditet er god, og det er ikkje beslutta å innføre tiltak som endrer likviditetsrisikoen. Alle nyinvesteringer vil, så langt råd, bli langsiktig finansierte, anten gjennom nye pantelån eller leasing. Konsernet har som mål at all langsiktig finansiering skal ha lang og regelmessig nedbetalingstid. Selskapet tek del i Alsaker AS si konsernkontoordning.



Årsmelding 2022

Viking Fjord AS

Kontantstrøm

Kontantstrømoppstillinga viser kr 20,3 millionar frå operasjonelle aktivitetar. Høg positiv kontantstrøm er plassert som innskot på Alsaker AS si konsernkonto-ordning.

Forslag til disponering av overskot

Styret meiner at den avlagte rekneskapen gjev eit rettvise bilete av den økonomiske stillinga for Viking Fjord AS, og føreslår at overskotet på kr 16 226 993 blir disponert på følgjande måte:

Viking Fjord AS	2022
Avsett til annan eigenkapital	2 186 993
Avsett til konsernbidrag	14 040 000
Sum overført	16 226 993

Drift hittil i 2023 samt utsiktene framover


Produksjonen i selskapet har gått som forventa så langt i år.


Andre forhold


Det er etter det styret kjenner til ikkje andre hendingar etter regnskapsåret sin utgang som har betydning for selskapet si stilling eller resultat, men styret vil presisere at det generelt er knytt usikkerheit til vurderingar om framtidige forhold.

Styret vil takka dei tilsette for den gode arbeidsinnsatsen gjennom året, og kundar og leverandørar for godt samarbeid.

Onarheim, 15. juni 2023


Gerhard Meidell Alsaker
(styreleiar)


Helge M. Nesse
(styremedlem)


Hans Helge Vik
(styremedlem / dagleg leiar)






Resultatrekneskap			
Viking Fjord AS			
	Note	2022	2021
DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Salgsinntekt	1	177 657 003	140 649 840
Andre driftsinntekter		123 237	193 880
Sum driftsinntekter		177 780 239	140 843 720
Varekostnad		73 658 211	51 726 716
Lønnskostnader m.m.	2	56 609 364	48 759 773
Avskrivning på driftsmidler og immaterielle egedelar	3	1 640 698	2 402 981
Andre driftskostnader	1, 2, 4	25 726 035	22 176 349
Sum driftskostnader		157 634 308	125 065 818
Driftsresultat		<u>20 145 931</u>	<u>15 777 902</u>
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Anna renteinntekt		664 839	249 462
Annan rentekostnad		5 423	3 273
Resultat av finansposter		659 415	246 189
Resultat før skattekostnad		<u>20 805 347</u>	<u>16 024 091</u>
Skattekostnad på resultat	5	4 578 354	3 526 805
Resultat		<u>16 226 993</u>	<u>12 497 286</u>
Årsoverskot (Årsunderskot)		<u>16 226 993</u>	<u>12 497 286</u>
OVERFØRINGAR			
Avsett konsernbidrag		14 040 000	11 700 000
Avsett til annan egenkapital		2 186 993	797 286
Sum overføringer		<u>16 226 993</u>	<u>12 497 286</u>
Viking Fjord AS		Side 1	



Balanse			
Viking Fjord AS			
EIGEDELAR	Note	2022	2021
ANLEGGSMIDLAR			
Utsatt skattefordel	5	722 510	828 875
Sum immaterielle egedelar		722 510	828 875
Varige driftsmidler:			
Produksjonsutstyr	3, 6	3 289 100	3 191 500
Driftslausøyre, inventar o.l.	3, 6	1 989 900	2 139 400
Sum varige driftsmidler		5 279 000	5 330 900
Sum anleggsmidler		<u>6 001 510</u>	<u>6 159 775</u>
OMLØPSMIDLAR			
Varer	6, 7	1 264 793	801 581
Fordringar:			
Kundefordringar	6, 8	18 644 134	19 177 228
Andre fordringar	6, 8	2 558 202	816 896
Innskot konsernkonto-ordning	6, 8	29 448 355	25 644 824
Sum fordringar		<u>50 650 691</u>	<u>45 638 948</u>
Bankinnskot, kontantar o.l.	2	901 152	942 548
Sum omløpsmidlar		<u>52 816 636</u>	<u>47 383 077</u>
Sum egedelar		<u>58 818 146</u>	<u>53 542 852</u>
Viking Fjord AS			Side 2



Balanse			
Viking Fjord AS			
EIGENKAPITAL OG GJELD	Note	2022	2021
EIGENKAPITAL			
Innskoten egenkapital:			
Aksjekapital	9, 10	1 000 000	1 000 000
Innskoten annan egenkapital		11 088 000	11 088 000
Sum innskoten egenkapital		12 088 000	12 088 000
Opptjent egenkapital:			
Annan egenkapital	9	4 621 788	2 434 795
Sum opptjent egenkapital		4 621 788	2 434 795
Sum egenkapital	9	16 709 788	14 522 795
GJELD			
Avsetning for forpliktingar:			
Pensjonsforpliktingar	2	190 000	190 000
Anna langsiktig gjeld:			
Kortsiktig gjeld:			
Leverandørgjeld	8	17 910 107	18 490 278
Betalbar skatt	5	511 989	272 701
Skuldige offentlege avgifter		1 310 069	1 264 844
Anna kortsiktig gjeld	8	22 186 192	18 802 233
Sum kortsiktig gjeld		41 918 358	38 830 057
Sum gjeld		42 108 358	39 020 057
Sum egenkapital og gjeld		58 818 146	53 542 852
Onarheim, 15.06.2023 Styret i Viking Fjord AS			
 Gerhard Meidell Alsaker (styreleiar)	 Helge M. Nesse (styremedlem)	 Hans Helge Vik (styremedlem, dagleg leiar)	
Viking Fjord AS			Side 3



Kontantstrømoppstilling			
Viking Fjord AS			
	Note	2022	2021
Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter:			
		20 805 347	16 024 091
-	Resultat før skattekostnad		
-	Betalt skatt i perioden	-272 701	-119 732
+/-	Tap/gevinst ved salg av anleggsmidler	0	77 600
+	Ordinære avskrivninger	1 640 698	2 402 981
+/-	Endring i varelager	-463 212	-262 876
+/-	Endring i kundefordringer	533 095	-3 733 757
+/-	Endring i leverandørgjeld	-580 171	4 431 231
+/-	Endring i andre tidsavgrensningsposter	-1 312 122	3 741 807
=	Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter	<u>20 350 933</u>	<u>22 561 345</u>
Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter:			
+	Innbetalinger ved salg av varige driftsmidler	0	70 000
-	Utbetalinger ved kjøp av varige driftsmidler	-1 588 798	-1 976 831
=	Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter	<u>-1 588 798</u>	<u>-1 906 831</u>
Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter:			
+/-	Netto endring i kassakreditt/konsernkonto-ordning	-3 803 531	-6 864 273
-	Utbetalinger av konsernbidrag	-15 000 000	-14 000 000
=	Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter	<u>-18 803 531</u>	<u>-20 864 273</u>
=	Netto endring i bankinnskott, kontantar o.l.	-41 396	-209 758
+	Behaldning av bankinnskott, kontantar o.l. pr 01.01.	942 548	1 152 306
=	Behaldning av bankinnskott, kontantar o.l. pr 31.12.	<u>901 152</u>	<u>942 548</u>
Viking Fjord AS		Side 4	



Noter

Viking Fjord AS

Rekneskapsprinsipp

I årsrekneskapan er alle postar verdsette og periodiserte i samsvar med rekneskapslova sine bestemmelsar, og reglane som følger av god rekneskapskikk.

Driftsinntekter og -kostnader

Inntektsføring skjer etter oppteningsprinsippet, som normalt vil vere leveringstidspunktet for varer og tenester. Kostnader blir tatt med etter samanstillingsprinsippet, dvs at kostnader blir tatt med i samme periode som tilhøyrande inntekter blir inntektsførte.

Klassifisering

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk, samt fordringar med forfall meir enn eitt år etter balansedagen, er tatt med som anleggsmidlar. Øvrige eigedeler er klassifisert som omløpsmidlar. Gjeld som på opptakstidspunktet forfell seinare enn eitt år etter utløpet av rekneskapsperioden, er oppført som langsiktig gjeld.

Varige driftsmidlar og avskrivningar

Varige driftsmidlar er vurdert til historisk kost etter frådrag for lineære avskrivningar som er sett på grunnlag av kostpris og forventa økonomisk levetid. Forbetring utover opprinneleg standard vert balanseført og avskrive over resterande levetid for driftsmiddelet.

Varebeholdning

Innkjøpte råvarer er vurdert til innkjøpspris.

Fordringar

Fordringar er oppført i balansen til pålydande.

Skattekostnad og utsett skatt

Skattekostnaden er knytt til det rekneskapsmessige resultat og består av betalbar skatt og endring i netto utsett skatt.

Utsett skatt i resultatrekneskapan er skatt berekna på endringar i midlertidige forskjellar mellom skattemessige og rekneskapsmessige verdiar. Utsett skatt blir avsett som langsiktig gjeld i balansen. I den grad utsett skattefordel overstig utsett skatt, tar ein med utsett skattefordel i balansen i samsvar med god rekneskapskikk.

Leasing

Ein leigeavtale blir klassifisert som finansiell eller operasjonell i samsvar med det reelle innhaldet i den enkelte avtale. Dersom hovuddelen av den økonomiske risiko og kontroll knytta til leigeobjektet er gått over på leigetakar, vert avtalen klassifisert som finansiell. Andre leigeavtalar blir klassifiserte som operasjonelle.

Driftsmidlar i leigeavtalar vurdert som finansiell leasing, blir aktivert i balansen til verdien av vederlaget i leigeavtalen og blir avskrive som varige driftsmidlar. Avdragsdelen av leigeforpliktinga blir vist som langsiktig gjeld. Denne gjelda blir redusert med betalt leige etter frådrag for berekna rentekostnad.

Kontantstraumanalyse

Kontantstraumanalysen er utarbeidd etter den indirekte metoden.

Morselskap

Morselskap til Viking Fjord AS er Alsaker Fjordbruk AS på Onarheim i Tysnes kommune. Viking Fjord AS sin rekneskap er å finne på Alsaker Fjordbruk AS sitt hovudkontor på Onarheim.



<h1>Noter</h1>
<h2>Viking Fjord AS</h2>

Note1 - Transaksjoner med nærstående parter

Salg av varer og tenester:

Nærstående part	Type transaksjon	2022	2021
Selskap i Alsaker-konsernet	Salg av pakketenester	106 316 436	97 116 004
Sum salg av varer og tenester		106 316 436	97 116 004

Selskapet selger også tilleggstenester til pakking til Ocean Supreme AS (som er eid 29 % av Alsaker Fjordbruk AS). Salget skjer til gjeldende marknadpris.

Kjøp av varer og tenester:

Nærstående part	Type transaksjon	2022	2021
Morselskap	Kjøp av administrative tenester	5 850 084	4 780 917
Selskap i Alsaker-konsernet	Leige av arbeidsbåt	40 000	58 000
Selskap i Alsaker-konsernet	Arbeidstimar	0	11 172
Selskap i Meidell-konsernet	Kjøp av vedlikeholdstenester	0	27 047
Selskap i Meidell-konsernet	Leige av eidegom	3 174 732	3 021 504
Sum kjøp av varer og tenester		9 064 816	7 898 640



Noter

Viking Fjord AS

Note 2 - Lønnskostnad, antall tilsette, godtgjersle, lån til tilsette mm

Lønnskostnader er sett saman av følgjande postar:

Lønnskostnader	2022	2021
Lønningar	22 390 237	19 986 814
Arbeidsgjevaravgift	2 236 082	2 028 175
Pensjonskostnader	929 798	727 706
Andre ytingar, innleigd arbeidskraft	31 053 247	26 017 078
Sum lønnskostnader	56 609 364	48 759 773

Gjennomsnittleg antall årsverk, eigne tilsette: 28,0 26,0
I tillegg har Viking Fjord innleigd arbeidskraft.

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret
Lønn	0	0
Innskuddspensjon	0	0
Andre ytingar	0	0
Sum	0	0

Selskapet har pt konstituert dagleg leiar som er lønna gjennom anna stilling i konsernet. Det er ikkje ytt lån til eller stilt sikkerhet for leiande personar, aksjeeigarar, tilsette m.m. Det finst heller ingen andre avtalar om overskotsdeling, opsjoner m.m. til fordel for dagleg leiar eller leiar av styret. Selskapet har ingen forpliktingar knytta til teikningsrettar, opsjonar m.m. som gir tilsette rett til teikning, kjøp eller salg av aksjar eller grunnfondsbevis.

Obligatorisk tenesteforsikring (OTP):

Selskapet er pliktig til å ha tenesteforsikring etter lov om obligatorisk tenesteforsikring. Selskapet har ei pensjonsordning som oppfyller krava etter denne lova og har ei innskotsbasert forsikringsordning for alle tilsette.

Pensjonskostnader

Avsette pensjonskostnader er framtidige utbetalingar som gjeld bedriften sin eigenandel under AFP-ordninga.

Revisor

Tekst	2022	2021
Lovpålagt revisjon	42 000	41 000
Andre ytingar	0	0
Sum	42 000	41 000

Bundne skattetrekksmidlar:

Tekst	2022	2021
Skattetrekkskonto pr 31.12	901 152	920 162



Noter

Viking Fjord AS

Note 3 - Spesifikasjon av anleggsmidler

Tekst	Produksjons- utstyr	Driftsløysøre, inventar o.l.	SUM
Anskaffelsekost 01.01	77 977 713	5 540 592	83 518 306
+ Tilgong i året	1 224 978	363 820	1 588 798
- Avgong i året	0	0	0
= Anskaffelsekost 31.12	79 202 691	5 904 411	85 107 103
- Samla av- og nedskrivning	75 913 591	3 914 511	79 828 103
Bokført verdi 31.12.	3 289 100	1 989 900	5 279 000
Ordinære av- og nedskrivningar i år	1 127 378	513 320	1 640 698
Økonomisk levetid	3-15 år	3-10 år	
Avskrivingsplan	Lineær	Lineær	

Note 4 - Leigeavtaler

Viking Fjord AS leiger alle bygningar og tomter hos selskapet Sunde Brygge AS i Meidell konsern. Leigesum for 2022 er kr 3 174 732, i 2021 var den kr 3 021 504.



Noter

Viking Fjord AS

Note 5 - Skatt

Resultatført skatt på ordinært resultat:

	2022	2021
Betalbar skatt på årets resultat	511 989	272 701
Skatteeffekten av avgitt konsernbidrag	3 960 000	3 300 000
Endring utsett skatt/skattefordel gammel sats	106 365	-45 896
Skattekostnad på ordinært resultat	4 578 354	3 526 805
Effektiv skattesats	22,0 %	22,0 %

Grunnlag betalbar skatt:

Grunnlag betalbar skatt	2022	2021
Ordinært resultat før skatt	20 805 347	16 024 091
Endring i midlertidige forskjellar	-483 480	208 617
Permanente forskjellar	5 357	6 843
Endring i framførbart underskot	0	0
Avgitt konsernbidrag	-18 000 000	-15 000 000
Grunnlag betalbar skatt	2 327 224	1 239 551

Betalbar skatt i balansen:

	2022	2021
Betalbar skatt på årets resultat	511 989	272 701
For mykje avsett skatt tidlegare år	0	0
Sum betalbar skatt i balansen	511 989	272 701

Skatteeffekten av midlertidige forskjellar og underskot til framføring som har ført til utsett skatt og utsette skattefordelar, spesifisert på typar av midlertidige forskjellar:

Spesifikasjon	2022	2021	Endring
Varige driftsmidler	-3 094 134	-3 577 614	-483 480
Balanseførte leigeavtalar	0	0	0
Pensjonspremie/-forpliktingar	-190 000	-190 000	0
Akkumulert framførbart underskot	0	0	0
SUM	-3 284 134	-3 767 614	-483 480
Skattesats som er nytta:	22,0 %	22,0 %	
Utsett skatt	-722 510	-828 875	-106 365



Noter

Viking Fjord AS

Note 6 - Pantestillingar

Bokført gjeld som er sikra med pant:

	2022	2021
Gjeld til kredittinstitusjonar	0	0
Øvrig langsiktig gjeld	0	0
Gjeld konsernkonto-ordning	0	0
Sum	0	0

Bokført verdi av egedelar stilt som sikkerhet for pantesikra gjeld:

	2022	2021
Varige driftsmidlar	5 279 000	5 330 900
Varer	1 264 793	801 581
Kundefordringar	7 531 273	8 368 688
Sum	14 075 066	14 501 169

Viking Fjord AS deltar som underkontoinnehavar i Alsaker AS si konsernkonto-ordning. Underkontoinnehavar kausjonerer som solidarisk selvskyldnerkausjonist for dei forpliktingar som Alsaker AS har til ei kvar tid.

Note 7 - Varer

Tekst	2022	2021
Råvarer	1 264 793	801 581
Varer under tilverknad	0	0
Ferdigvarer	0	0
Sum	1 264 793	801 581

Note 8 - Mellomverande med selskap i samme konsern m.v.

Fordringar til selskap i samme konsern:

	2022	2021
Kundefordringar	11 112 861	10 808 541
Andre fordringar	0	0
Bankinnskott (konsernkonto-ordning)	29 448 355	25 644 824
Sum	40 561 216	36 453 365

Gjeld til selskap i samme konsern:

	2022	2021
Gjeld konsernkonto-ordning	0	0
Leverandørgjeld	5 857 154	4 809 523
Anna kortsiktig gjeld	0	15 000 000
Sum	5 857 154	19 809 523



Noter

Viking Fjord AS

Note 9 - Eigenkapital

	Aksjekapital	Innskoten anna eigenkapital	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital 01.01.	1 000 000	11 088 000	2 434 795	14 522 795
Frå resultat i år			2 186 993	2 186 993
Eigenkapital 31.12.	1 000 000	11 088 000	4 621 788	16 709 788

Note 10 - Antall aksjar, eigarstruktur m.m.

Aksjeoversikt:

Aksjeklasse	Antall aksjar	Pålydande	Aksjekapital
Ordinære	1 000	1 000	1 000 000

Eigarstruktur:

Namn	Antall aksjar	Eigarandel	Stemmeandel
Alsaker Fjordbruk AS	1 000	100 %	100 %

Styreleiar Gerhard Meidell Alsaker kontrollerer 100 % av aksjane i Alsaker Fjordbruk AS.



Til generalforsamlinga i Viking Fjord AS

Melding frå uavhengig revisor

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Viking Fjord AS som er samansett av balanse per 31. desember 2022, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisebilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2022, og av resultat og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

PricewaterhouseCoopers AS, Sandviksbodene 2A, Postboks 3984 - Sandviken, NO-5835 Bergen
T: 02316, org. no.: 987 009 713 MVA, www.pwc.no
Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap




Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til:
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Bergen, 20. juni 2023
PricewaterhouseCoopers AS


Ole Martin Waage
Statsautorisert revisor